

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLÅD FOR ØSTERØY



NR. 5 ADVENT 2009
35. ÅRGANG

GJETARANE SA TIL KVARANDRE:
" LAT OSS GÅ INN TIL BETLEHEM OG SJÅ DETTE SOM HAR HENDT,
OG SOM HERREN HAR KUNNGJORT OSS ".
SÅ SKUNDA DEI SEG DIT OG FANN MARIA OG JOSEF
OG DET VESLE BARNET SOM LÅG I KRUBBA.

LUKAS 2,15-16

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Wenche Fiskeseth

Soknerådsleiarar:


Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Lyset i mørket

Den heilage Birgitta frå Sverige som levde på 1300 – talet hadde fleire visjonar. Ein av dei var eit syn der ho såg Jesusbarnet som ei lyskjelde. Birgitta såg føre seg heile fødselen, og merka seg at Maria fødde utan smerte. Då barnet var fødd, stod Maria slank og fin framføre den nyfødde som lyste opp stallen kring seg. Vi ser at dette draumesynet fort fekk aksept i kyrkja og vart eit ynda motiv i biletakunsten frå seinmellomalderen og frametter. Jesus vert også omtala som lyset i verda mellom anna i Johannesevangeliet, rett nok ut frå ein annan samanheng enn den Birgitta opplevde.

Julebiletet vårt er frå 1622, måla av nederlendaren Gerard van Honhorst. Han var ein svært produktiv kunstnar, og har portrettert mange kongelege i nord-Europa frå si samtid. Motivet på biletet er frå Lukas-evangeliet, frå den delen vi kjenner som Juleevangeliet. Det er berre hjå han vi finn forteljinga om gjeterane som samla seg i stallen etter å ha hørt bodskapen frå englane. Vi ser Josef bak Maria til høgre, og gjeterane som kjem inn frå venstre. Målaren har framstilt desse arbeidsfolka ganske realistisk. Han må ha brukt folk rundt seg som modellar for både gjeterane, Maria og Josef. Dei ser alle ganske nord-europeiske ut både i klesvegen og i andletsdraga.

Lyset i biletet strømer ut frå barnet, det er ikkje andre lyskjelder å sjå. Vi ser korleis det lysande barnet er i sentrum for alle si merksemrd. Slik får målaren fram det symbolske med Guds lys som skin ut i verda.

- Kristoffer Foldøy

EIT JULEEVENTYR

*Andakt ved Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*

Det var ein gong ein fattig bonde som budde saman med kona si i ei enkel hytte med eit jordgolv som var dekt med strå. Ein dag gjekk dei tom for mat. Då sa kona til mannen: Gå ned til elva for å fiske! Mannen så gjorde, og fiska heile dagen utan å få noko. ”Me må nok gå svoltne til sengs i kveld,” tenkte han i det han kasta ut snøret for siste gong.

Brått hogg det til. Ein diger fisk hang på kroken, og etter lang kamp klarde mannen å få den på land. I det han skulle til å køyra kniven i den, sa fisken: ”Ikkje drep meg! Viss du kastar meg ut igjen, skal du få oppfylt tre ønske, uansett kva det måtte vera.” Den syntest mannen høyrdes ut som ein god avtale, så han kasta fisken ut igjen og gjekk heim.


Men kona hans var ikkje like nøgd då ho fekk høre historia.” For noko sludder”, sa ho.” Dette er berre noko du finn på for å unnskylda at du ikkje fekk nokon ting.” ”Nei, det er sant,” sa mannen og ropte ut: ”Eg ønskjer meg ein middag!” Og straks var bordet dekka med dei lekraste rettar.

”Idiot” sa kona.” Du må ikkje kasta bort ønska dine på småting. Ein middag er ikkje nok. Du må ønska deg noko større og finare som varer lenger.” Ja vel”, sa mannen: ”Då ønskjer eg meg eit nytt hus!” Og med eitt var den enkle tømmerhytta med jordgolvet forvandla til eit herskapshus med mange rom.

”Nei, nei, kor dum går det an å verta”, ropte kona fortvila.” No har du alt brukt opp to ønske. Men me kan få noko endå betre enn dette huset. La oss ønskje oss eit slott som ein konge kunne bu i.- Nei vent: Eg vil ha eit slott som kunne passa for Gud sjølv!”

Mannen gjorde som kona ville, og sa: ”Eg vil ha eit slott som passar for Gud!” Og brått stod dei ikkje lenger i det nye huset sitt. Dei var attende i den gamle trehytta med eit jordgolv som var dekt av strå.

Dette eventyret er ei julepreike. Mannen og kona fekk det som dei ville. Dei ønskete seg ein bustad som passa for Gud sjølv. Men dei hadde gløymt juleevangeliet. Då Gud kom til verda, hende det ikkje i eit slott men på ein heilt annan stad. Me les frå juleevangeliet hjå Lukas i det 2. kapitlet:



”Og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.”

Det er nærliggjande å tenkja at Gud, dersom han finst, må vera større og mektigare enn alt og alle. Passar han då ikkje best i eit slott? Men Guds Son sin første bustad var i ein stall, nedst i verda. For det var ikkje rom nokon annan stad.

Gud går ikkje inn i verda på toppen, men heilt nedst. Slik vert det tydeleg at han vil femna alle. For å vinna oss for kjærleiken sin, vert han eit svakt og hjelplauast barn, i ei krubbe i ein stall med eit jordgolv, dekte av strå. Gud søker seg alltid nedover. Du treng ikkje ønskje deg ein annan stad for å møta han. Han er der du er. Denne jula søker han deg. Ta imot han!

RAGNVALD HAMMER - MEIR ENN "GAMLE DAMPEN"

Ragnvald Hammer med oppvekst frå Hamre på Osterøy er kanskje kome litt i skuggen av Ivar Medaas når det gjeld æra for songen "Dar kjem dampen". I og med at trubaduren frå Alversund både laga melodien og framførte visa, vart det han som blei identifisert med denne vestlandsklassikaren. Men teksten som første gong stod på trykk i "Bergens Tidende" i 1963 var signert Ragnvald Hammer.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Ragnvald Hammer vart fødd 10. juli 1913 i Svarstad. Då guten var seks år, fekk faren, Josef Hammer, arbeid som lærar og klokkar på Hamre, Osterøy. Så her vaks Ragnvald opp, og tok med seg inntrykk frå det han såg og høyrde, for i vaksen alder å setja desse minna inn i versemform. Han tok teologisk embetseksamen i 1942, og gifta seg året etter med Margot Kaasa. I 1945 blei han ordinert til prest, og i 1947 blei han tilsett som døveprest. I åra som fylgte la han ned eit stort arbeid for dei døve og blinde. Frå 1956 til han gjekk av var arbeidet hans knytta til vestlandet, arbeidsstaden hans var "Vestenfjellske døvedistrikt". Med eit sommarstemne han arrangerte i 1956 fekk han lagt grunnlaget for det som i dag heiter "Foreningen Norges døvblinde". I 1963 gav han ut ei handbok for kursing i teiknspråk med om lag 1900 teikn.

Som døveprest arbeidde han heilt fram til 1. desember 1980. Då hadde han passert 67 år. Sju år seinare døydde han.

Folk flest forbind nok namnet hans med teksten til "Dar kjem dampen". Men i døvekretsar er han hugsa som ein prest som forstod dei døve sine behov, og som stod på for dei rettmessige krava deira. Han tilrettela gudstenestene sine til beste for dei døve deltakarane, og gjekk ikkje på akkord med formalitetar dersom desse var til hinder for opplevingar i kyrkjerommet.

Ragnvald Hammer har laga fleire tekstar på dialekt og med lokal vri. Han samarbeidde med Monrad Holm Johnsen i Salhuskvintetten, og er ansvarleg for teksten på baksida av slagaren "Gryta hennar mor". Songen heiter "Besten sette potna her". Persongalleriet i visa må han ha henta frå oppvekstår på Hamre.



Ragnvald Hammer fotografert i desember 1947.

Gamle faren sjukna te
Og han ville sonen gje
Goa rå` når han sku taka garen øve.
Fudl då alvor faren sa
Ska i livet da gå bra
Løt du bruka begge henna og so høve.

Helt deg burte frå alt nytt
Da e'slettens ikkje tytt
Alt so no for tie vert då folk oppfudne.
Alt da gamle da e vel
Og du gjere rett og sjel
Når du alltid slek so besten gjæra kudne.

Vis og god han besten va
Og den rose ska han ha
Da va alltid rett og riktig det han gjor'e.
Du løt gjæra nett so han
Då vert du ein halden mann,
Ja, på da eg gje' mitt allersiste or'e.

Besten hadde pote her,
Her den beste jor'e er
Og han alltid fekk så grådi'fine pote.
Set du potna dine då
Dar hass poteåker lä'
Besten hausta støtt da meste han va go'te.

Ikkje må du fidna på
Nye vega her te gå,
Bere gjer slek du har sett at far din gjorde.
Verte avling mindre bra,
Denne tånkjen skal du ha:
Besten sette potna her og dei vart store!

Fra 1979 stammar denne lyriske stemningsrapporten fra kaien ein søndagskveld i første halvdel av forrige århundret. Her har Hammer ikkje nytta dialekt, men vanleg nynorsk rettskriving.

Sundagskveld på bryggja

Kvar helgedag når mot kveld det bar
all bygdi kom i siget.

Det born og unge og vaksne var
som same veg styrde stiget.
Alt folk som kunne krypa, gå,
no la dei ut på vegen.
For alle ville dei dampen sjå,
han gjer strilen fegen.

På bryggja stod nokre mjølkespann
og mange som sku fara.

Dei dryfte ihuga mann med mann,
om dampen ruta klara.
Men so med eitt gav floyta lát,
han kom so stilt langs landet.
No alle ljós vart kveikt på båt,
og snart kom festarbandet.

Då livna det i den store lyd,
fyrst post og mjølk om bord i båten.
So fylgde folket på veg til by,
der hadde dei levemåten.
Kaptein ringde og båt la frå,
fyrst seig han litt attende.
So la han ut i natt grå,
dei andre heimatt vende.

Dei gamle gjekk med alvorsro
i stille flokkar frå bryggja.
Dei unge tenkte meir på moro,
dei ville saman seg hyggja.
Og nokre reika langs landeveg,
dei dryfte liv og lagnad.
Og alle gledde seg underleg,
snart kjem ny sundag med fagnad.



Klemt inne i byggmassen mellom jerrbanestasjonen og busstasjonen ligg søndre korkapell, ein rest etter Nonneseter kloster som i 1951 blei vigd til Døvekyrkje i Bergen. Ragnvald Hammer var deltakar på opningsseremonien. Det vesle middelalderske kyrkjerommet gjorde teneste for dei døve fram til 1989.

- Grunnen til at jeg ble døveprest var ikke noen engleåpenbaring med ordre om å gå inn i dette. Men jeg tror Gud har ført meg dit jeg er kommet. Da jeg var ferdig med studiene, ville jeg gjerne gå inn i prestetjenesten for døve."

Ragnvald Hammer, november 1980 i Døves tidsskrift.

STOLAR!

Valestrand Bedehus treng nye stolar.
Vil du vera med og støtte innkjøpet vårt?
Då kan du bruka kontonr. **3632.54.60827**

På førehand takk!

ØNSKEBRØNN

I djupna av ein brønn ligg draumar som ventar på å gå i oppfylling. Salimatou Abdoulaye har ein stor draum for den vesle dota si.

Livet er blitt ein kamp mot upålitelege naturkrefter for folk i Sahel, beltet som skil det subtropiske Afrika frå Sahara. Dei siste åra har vore prega av auka temperaturar, uregelmessig regn og kortare regntid. Det gjer at avlingar slår feil, vasstanden i elvane går ned og brønnar som er gravne ut for hand, tørkar ut.

I Doye er det dei yngste kvinnene si oppgåve å henta vatn. Før brønnen blei bygd midt i landsbyen, var det ofte ein heildagsjobb:


-Vi kunne bruka heile morgonen på å leita etter vatn og likevel gå tomhendte heim, seier 20 år gamle Salimatou Abdoulaye. Dei gjekk opp til tre kilometer til ein stad der det var vatn, berre for å koma fram tørste og slitne og finna ein tørr brønn eller eit vatn som vinden hadde fylt med sand.

-Det var ei stor påkjennung, særleg for dei som i tillegg til vatn bar barn på ryggen. Det hende at nokre blei så utmatta at dei blei sjuke og sende til sjukehus. Eg hugsar det hende eg kollapsa då eg kom heim og orka korkje å eta eller drikka, seier ho.

Kamp mot tid og temperatur

Midt på dagen kan gradestokken krypa opp mot femti grader på det varmaste i områda rundt Bagnadi. Ein gjennomsnittleg person treng då 15 liter drikkevatn per dag. Leitinga etter vatn tok fullstendig overhand for mange av dei unge kvinnene.

- Mange hadde ikkje tid til å ta vare på borna sine, vi var så opptekne av å finna vatn, minnest Salimatou. Det hende oftare og oftare at dei blei nøydde til å gå heim for å laga lunsj før dei fekk henta vatn. Det hardaste arbeidet starta likevel når dei fann vatn. Dei færreste kan gå tre kilometer med 20 liter på hovudet utan å få hovudverk. Kvinner over heile Afrika er plaga av hovudverk og nakke- og ryggsmerter som resultat av eit liv med tung



Leitinga etter vatn blei stadig hardare. Før brønnen hadde mange av kvinnene ikkje tid til å ta vare på borna sine. - Vi var heilt besette av å finna vatn, minnest Salimatou Abdoulaye.

bør på hovudet. Kirkens Nødhjelp arbeider saman med partnarane våre for å finna betre alternativ:

-Når du set ein 20 liters vasstank på hovudet, kjennest det som om du set han rett på hjernen, seier Salimatou.

Nytt liv

Datoen 05.07.08 er sirleg innskriven i sement på brønnen. Det blei ein dag som fullstendig endra livet til kvinnene i denne landsbyen. Dei hadde fått ein ny brønn.

Brønnen er et samarbeid mellom innbyggjarane i landsbyen, partnarorganisasjonen GRAIP og Kirkens Nødhjelp. GRAIP har fleire prosjekt i området for at lokalfolk kan få sjanse til å tilpassa seg dei uventa endringane i naturen. Kort tid etter at brønnen stod ferdig, blei Salimatou Abdoulaye gravid med det første barnet sitt:

-No har vi nok vatn, ikkje berre til drikke og matlaging, men også til å vaska oss. Det inneber at vi kan ha betre hygiene både for borna våre og oss sjølv. Vi slepp å bli sjuke så ofte, seier ho. Vatnet i brønnen er også mykje sunnare å drikka enn det dei før fann i elva og i handgravne brønnar.

Draumar for dotra

Berre hovudet til fire månader gamle Belquisa stikk opp over tørklet som knyter henne til mora sin rygg. Ho har augo halvlukka og blir dyssa i sovn til mora sine rolege, rutinerte rørsler. Belquisa er på ryggen heile tida. Når vatn skal hentast, frukost skal lagast, kle skal vaskast, korger og vifter skal flettast og det skal hentast meir vatn.

- Draumen min er at Belquisa skal utdanna seg til å bli lege, seier Salimatou som sjølv aldri har gått på anna enn koranskule. Eg veit ikkje om ho klarar det, men ein må våga å drøyma dei store draumane. Som ei kvar mor ønskjer eg det beste for barnet mitt seier Salimatou Abdoulaye. Ho meiner at ingenting er umogleg så lenge ein tenkjer positivt. I Mali kan vatn frå en brønn gje von og kanskje føra til at draumar går i oppfylling.

VELKOMEN TIL NMS SIN GJENBRUKSBUTIKK I HAUGLANDSBYGGET I KNARVIK

Sidan mars har Det Norske Misjonsselskap hatt gjenbruksbutikk i Knarvik med mottoet "Trivel med bruk" og visjonen *Misjon - Miljø - Møteplass*.

Her kan du **levera inn** varer til gjenbruk og **kjøpa** mange fine varer til ein rimeleg pris. Butikken vert driven på dugnad av frivillige, og overskotet går til NMS sitt arbeid **bodskap, bistand** og **bygging** i prosjekt over heile verda. Gjer du bruk av gjenbruksbutikken, støttar du ikkje berre NMS sitt arbeid, men bidrar til miljøforvalting og ressursutnytting gjennom gjenbruk, som ei motvekt mot bruk og kast som det er så rikeleg av i vår tid.

Butikken finn du i Hauglandsbygget på sørsida av riksvegen og tvers for Oasen Hageland Søderstrøm. Elles er butikken meint å vera ein **møteplass** mellom menneske, gjerne over ein kopp kaffi og noko å bita i.



DEI NYE SOKNERÅDA PÅ OSTERØY

Valde medlemmer for perioden 01.11.2009 – 31.10.2011

Bruvik sokneråd

Leiar: Wenche Fiskesteth.

Andre medlemmer: Magne Vikne, Eliane Flostrand, Eliane Mo, Otto Mo, Erling D. Bruvik.

Gjerstad sokneråd

Leiar: Kari Hauge.

Andre medlemmer: Ruth Hauge, Roger Breivik, Randi H. Myking, Kjellaug Hartveit.
Valde i 2007: Ingerid Tveiterås, Kjersti Midttun, Oddmund Vevle.

Hamre sokneråd

Leiar: Tove Klepsvik.

Andre medlemmer: Helga A. Mjelstad, Kristoffer Foldøy, Jenny Eikelund, Olaug Hartveit, Agnar Lutnæs, Ingeborg Mjelstad, Ingeborg Klepsvik Sæterdal.

Haus sokneråd

Leiar: Madli K. Hannisdal.

Andre medlemmer: Magne Øyvind Antun, Audhild Myklebust Torp, Signe Hannisdal, John Hundhammer, Fred Ove Vatle, Mona Anita L. Mostrøm, Hilda Kristine Aasheim.

Hosanger sokneråd

Leiar: Lillian M. Kleppe.

Andre medlemmer: Solveig Tepstad, Ingrid Jørgensen, Jan Roald Myking, Janniken Røskeland Mjøs, Karin Fossdal, Asgjerd Kari Nilssen, Signe Røssland, Evelyn Sigfrid Beckstrøm Vedå, Sigrun Karlseth.

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I HAUS



Bak frå venstre: Asbjørn Rolland, Nils Jon Skulstad, Jan Otto Løtveit, Knut Egil Mostraum, Kjell Inge Aarbakk, Alfred Rolland, Erling Skår.

Framme frå venstre: Inger Alise Rongved, Ragnhild Lone, Reidun Aabrek Tonheim, Sokneprest Johannes Melve, Jorunn Slettebakken, Sølvi Anni Vatle og Grethe Laila Larsen

Foto: Fotograf Storebø

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I HAMRE



1. rad frå v: Margunn Anlaug Fredriksen f. Mosevoll, Astrid Bergny Matre, sokneprest Inge Sørheim, Laura Reigstad f. Larsen, Oddveig Nelly Husdal f. Hagesæter

2. rad frå v: Audvald Magne Kvamme, Sigrun Holsen, Jorunn Bjørge f. Høyland, Ruth Rolland f. Edvardsdal, Anne Lise Reigstad, Svanhild Sæle f. Haaland, Astrid Margrete Tøsse, Bjørg Lutnæs f. Flesland, Oddvar Johan Melkersen

3. rad frå v: Odd Tepstad, Atle Reidar Eide, Ivar Nordland, Truls Ingmann Børteit, Oddvar Slettebakken, Sven Otto Rønhovde, Oddvar Eide, Ivar Eikeland

4. rad frå v: Arne O Skaar, Asbjørn Eikeland, Oddvar Fyllingsnes, Reidar Fyllingsnes, Atle Elvik, Erling Flesland, Per Otto Lid

Fotograf: Rune Solberg

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I GJERSTAD



1. rad frå v: Mary Sandal f. Aasheim, Ingrid Røynstrand f. Ellingsen, sokneprest Johannes Melve, Marit Låstad f. Lone, Borgny Valestrand f. Hagenes

2. rad frå v: Annbjørg Kari Soldal f. Mæle, Elin Dalland f. Vevletveit, Laila Myking f. Halland, Leif Bjarne Nøttveit, Lars Hauge, Mary Raknes f. Låstad, Ingunn Alis Flatås

3. rad frå v: Frank Eilef Jacobsen, Birger Kåre Løtveit, Edvin Låstad, Svein Kjell Vevletveit, Karsten Hermund Håheim, Jostein Severin Løtveit

4. rad frå v: Roald Espenvoll, Ole Reigstad, Birger Birkeland, Birger Greve, Jostein Revheim, Audun Skår, Kåre Johan Teigland

Fotograf: Rune Solberg

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rad frå v: Irene Karin Femanger, Frøydis Tysse f. Vedå, sokneprest Inge Sørheim, Audhild Gunnbjørg Rongve f. Storsæter

2. rad frå v: Marit Kaupang, Liv Karin Natås f. Bjørndal, Kari Hope f. Børslid, Gerd Margrete Eide, Marit Johansdatter Bysheim, Jorunn Margrete Bjørge

3. rad frå v: Kåre Bjelland, Ivar Eidsheim, Gunnar Marius Salomonsen, Jan Roald Myking, Leif Arne Molvik

4. rad frå v: Per Ragnar Grønås, Kjell Berge Røslund, Odd Idar Bjørsvik, Jon Arne Bernes

Fotograf: Rune Solberg

SVANESANG



Den 30. desember fyller jeg 70 år. Dette er en milepål på mange måter. Alle ting her i livet har en begynnelse og en slutt. Svanesang er ofte en betegnelse på noe som ender. For mitt vedkommende blir det sluttens på min tjeneste som kirketjener både i Hamre og Hosanger offisielt, men jeg regner med å tre inn når det er behov. Siste gudsteneste blir midnattsgudstjenesten i Hosanger kvelden etter (nyttårsaften).

No er det jo slik at å fylle 70 er en milepål som bør feires. Jeg har valgt en litt spesiell måte å feire dagen på: I mange år har jeg som medlem av Haus sokneråd vært med å arrangere konserter i Haus kirke. Dette har alltid vært forbundet med en viss snev av redsel for å gå med økonomisk underskudd, som eventuelt måtte dekkes av arrangørene. Noen av konsertene hadde dessuten vært umulig å arrangere da honorarene ville være såpass høye at sjansen for underskudd ville være for stor.

Imidlertid har jeg fått disponere Haus kirke samt kyrkjelydshuset gratis. I tillegg har 9 kunstnere (opprinnelig var det 10) sagt seg villig til å opptre uten honorar. De 9 er:

Rune Alver, klaver
Håkon Høgemo, hardingfele
Sindre Sortland, klassisk gitar
Torhild Langhelle, sang
Linda Fosse, sang
Kjell Hannisdal, trompet
Arne Askeland, torader
Liv Skoglund, klaver/cembalo
Kåre Rivenes, orgel/klaver

Det er ennå ikke bestemt noe program, men bare navnene forteller om en uvanlig stor spredning av musikk-sjangere. Konserten vil vare ca. 1 time.

Jeg har sagt til alle mine venner og slektninger at ingen gaver skal gis. Alle eventuelle gaver gis i form av penger som skal gå inn i et musikk-fond sammen med inntektene fra konserten.

Kjære otringer og ellers alle som er interessert i god musikk eller er interessert i å støtte ideen: Sett av følgende dato:

Haus kyrkje onsdag 30. desember kl. 1700

Mange vil vel si at dato og tidspunktet er uvanlig, men tanken er at de fleste mennesker har fri i romjula og tidspunktet er valgt for at jeg skal ha litt overskudd til overs til et ørlite selskap etter konserten. (ellers vil vel mine tallrike slektninger og venner føle seg snytt for en fest).


Vær med å fylle kirken til randen!! Som tidligere nevnt vil alle inntektene gå inn i et musikk-fond.

På forhånd takk!!!!

Vennlig hilsen Einar Johnny Selvik

VISMANN I HAMRE: HANS OLAV TUNGESVIK

Tekst: Kristoffer Foldøy



**HAMRE KYRKJE
VISMANNSFOREDRAG VED
HANS OLAV TUNGESVIK
TORSDAG 10. DESEMBER
KLOKKA 19.00**

Det årvisse vismannsforedraget i Hamre kyrkje vert i år ved Hans Olav Tungesvik. Han hører til dei som ser ut til bera åra sine lett. Lang og ulike erfaring frå mange område har berre gjort han klokare til høgare opp i alder han har nådd. No er mannen frå Skånevik med den gode stemmen blitt 73 år. Og det er eit mangfaldig yrkesliv han har bak seg. Han er utdanna lege og psykiater, men er kanskje like kjend som målmann og politikar.

Frå 1965 til 1970 var han leiar i Norges mållag. Kring 1970 vart han også landskjend radiolege gjennom programposten "Eit kvarter med legen". Frå 1977 til 1985 sat han som representant for Krf på Stortinget, dei siste to åra også som parlamentarisk leiar. Han har vore fylkespsykiater i Finnmark, og sjefslege på Modum Bad sitt nervesanatorium. Frå 1985 har han vore dagleg leiar av Frihamn psykiatriske senter i Skånevik. I 2006 fekk Hans Olav kreft, og vart behandla i seks månader for sjukdomen. Han fekk diagnosen midt under ein psykoterapitime han sjølv gav. Sekretären hans banka på døra og fortalte at det var ein lege på telefonen frå Haugesund.

I boka han skreiv om dette, "Når kreft gir kraft" med undertittel "Rapport frå eit halvår med kreftdiagnose", fortel han om rike opplevingar og intense inntrykk.

I Hamre kyrkje er julekrybbefigurane komne fram, og dei tre vise menn har starta vandringa si mot Betlehem. Vi kan sjå fram til ei spanande stund der ein meir lokal vismann nyttar si livsvandring som erfaringsbakgrunn for ei utgreiing om lys i mørketida.

JULEKONSERTAR I SAMARBEID MED SOKNERÅDA

Sundag 13/12, Bruvik kyrkje kl 17: Lysmesse og julekonsert. Deltaking ved Haus musikklag, Bergen felleskor, konfirmantane, prostiprest Rolf Eivind Monsen og kantor Kåre Rivenes.

Sundag 13/12, Gjerstad kyrkje kl 20: Julekonsert. Tilskipar Osterøykoret. Deltaking også ved Osterøy janitsjar, kantor Kåre Rivenes. Andakt ved Alf R Kallestein.

Onsdag 16.12, Hosanger kyrkje kl. 19: Julekonsert. Tilskipar Fotlandsråvåg musikklag

Torsdag 17.12, Hamre kyrkje kl. 19: Julekonsert. Tilskipar Hjellvik hornmusikklag.

Fredag 18.12, Haus kyrkje kl 19: Julekonsert. Tilskipar Haus musikklag. Deltaking også ved Osterøy felleskorps, Breistein mannskor, kantor Kåre Rivenes m.fl. Andakt ved spr Johannes Melve.

JULEKONSERTAR SOM OSTERØYKORET ARRANGERER

Fredag 04.12: Hosanger kyrkje kl. 20

Sundag 06.12: Haus kyrkje kl. 20



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

DESEMBER

2. sundag i advent, 6. desember 2009: Luk 12,35-40 Joel 3,3-5; Hebr 10,35-39

Hamre kl. 17: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

Gjerstad kl.19: Lysmesse. Melve. Takkoffer til KFUM/KFUK.

Hosanger kl.20: Lysmesse. Sørheim.

3. sundag i advent, 13. desember 2009: Matt 11,11-19 Jes 40,1-8; 2 Pet 1,19-21

Hamre kl.11: Høgmesse. Sørheim. Takkoffer til Ung kirkesang.

Bruvik kl.17: Lysmesse og julekonsert. Monsen.

4. sundag i advent, 20. desember 2009: Joh 3,26-30 Jes 40,9-11; 1 Pet 1,10-1

Tysse bedehus kl.11: Melve. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

Julaften, 24. desember 2009: Luk 2,1-14 Mi 5,1-4a

Bruvik kl.12.30: Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Hamre kl.14: Familiegudsteneste. Monsen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl.14.30: Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Hosanger kl.16: Familiegudsteneste. Monsen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Juledag, 25. desember 2009: Joh 1,1-14 Jes 9,2-3.6-7; Hebr 1,1-5a

Haus kl.11: Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap NMS.

Hamre kl.12: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.

Takkoffer til Det norske Misjonsselskap NMS.

2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember 2009:

***Apg 7,52-60 Jes 50,4-7; Matt 10,32-39**

Gjerstad kl.11: Felles høgtidsgudsteneste. Monsen. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap NMS.

Nyttårsaften, 31. desember 2009: Joh 14,27 Klag 3,22-26; 2 Pet 3,13-15a.17-18

Hosanger kl. 23.15: Midnattsmesse. Sørheim.

JANUAR

Kristi openberringsdag, 3. januar 2010: *Luk 2,41-52 Sal 72,8-17; 1 Tim 3,14-16

Haus kl. 11 Høgmesse. Melve.

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Sørheim.

1. s. e. Kr. op.dag, 10. januar 2010: Joh 1,29-34 Jes 12,1-6; Ef 1,7-12

Hamre kl. 11: Høgmesse. Monsen.

2. s. e. Kr. op.dag, 17. januar 2010: Joh 4,5-26 Jer 17,12-14; □p 22,16b-17

Gjerstad kl. 11: Høgmesse.

Vingårdssundagen, 24. januar 2010: Luk 17,7-10 5 Mos 8,7.11-18; 1 Kor 3,4-11

Haus kl. 11: Høgmesse. Melve.

Såmannssundagen, 31. januar 2010: Mark 4,26-32 Jer 20,7-9; Hebr 4,12-13

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Melve.

GLIMT FRÅ KYRKJELYDSBASAREN I HAUS

FEBRUAR

**Kristi forklæringsdag, 7. februar 2010: Joh 17,1-8
2 Mos 3,1-6; 2 Pet 1,16-18**

Hosanger kl. 11: Familiegudsteneste. Monsen.

Sundag før faste (Fastelavnssundag), 14. februar

2010: Joh 12,24-33 4 Mos 21,4-9; 1 Tim 2,4-6

Bruvik kl. 11: Familiegudsteneste. Melve.

Hamre kl. 11: Familiegudsteneste. Sørheim.

**Oskeonsdag, 17. februar 2010: Matt 6,16-18 Jes
58,5-9a; 1 Joh 3,4-8[9-10]**

Haus kl. 19: Gudsteneste. Melve.

**1. s. i faste, 21. februar 2010: *Job 2,1-10 Jak
1,12-15; Matt 16,21-23**

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Monsen.

Hamre kl. 11: Familiegudsteneste. Sørheim.

**2. s. i faste, 28. februar 2010: Luk 7,36-50 1 Kong
18,21-26.36-39; Jak 5,[13-15]16-20**


Hosanger kl. 11: Høgmesse. Monsen.

Laurdag 17. oktober på ettermiddag var det storinnrykk på kyrkjelydshuset i Haus. Nesten hundre menneske hadde funne vegen på basar denne fine laurdags ettermiddagen. Det mangla verken på gevinstar eller kjøpelyst hjå dei som hadde møtt fram både når det galdt åresal og det å by på ferske hjortesteikar. Og mange hadde og kjøpt lodd på førehand på bøkene.

Vi hadde og besøk av tidlegare prest i Hamre og Hosanger, Harald Grønnevik. Han held andakt og las og frå boka han har gitt ut med barndomsminne frå oppveksten.

Den totale innkoma var 63000.-kr. Eit flott resultat som no gjer at vi har fått fullfinansiert og ferdigstilt nytt tak på kyrkjelydshuset. Basarkomiteen vil takka alle som har vore med og gitt fine gevinstar både privatpersonar, butikkar og bedrifter. Og takk til alle som støtta så flott opp om loddslaet både på førehand og sjølve basaren.

- *Basarkomiteen*



Harald Grønnevik held andakt og leste frå boka si



Kven vinn her?

Offerliste for Haus 1. Kvartal 2010:

03.01.10: Gå ut senteret, Hurdal (Normisjon)

24.01.10: Kyrkjelydsarbeidet.

17.02.10: Kirkens Bymisjon, Bergen

07.03.10: Bibelselskapet

21.03.10 Kyrkjelydsarbeidet

Slekters gang

HOSANGER

Vigde:

- 12.09.09 Siri Vevle og
Jostein Lavik
- 19.09.09 Linda Hanstveit og
Alf Jostein Njåstad
- 26.09.09 Alice Ahmer Salomonsen og
Andreas Lillejord

Gravlagde:

- 01.09.09 Berit Amanda Tysse (f.1944)
- 04.09.09 Hjalmar Mjøs (f.1923)
- 04.09.09 Haldis Tysse (f.1938)
- 16.10.09 Sigrun Astrid Bysheim (f.1925)

HAMRE

Døypte:

- 30.08.09 Benjamin Olsen Fure (Busett Leikanger)
- 30.08.09 Michelle Gjøstein Tolleshaug (Busett Gjerstad)
- 11.10.09 Nathalie Hårvik Vildalen (Døypt i Dale kyrkje)
- 25.10.09 Kaia Raknes Eikeland (Busett Vålerengen)
- 25.10.09 Ingrid Arnesen Mostrøm
- 25.10.09 Elly Helen Holme-Eide

Gravlagde:

- 17.09.09 Brith Sigrid Olsen (f.1937)

BRUVIK

Døypte:

- 20.09.09 Mille Mathilde Vassdal Skorjanc
(Busett Nykirken menighet)

GJERSTAD

Døypte:

- 23.08.09 Sander Solberg Hopsdal
- 30.08.09 Michelle Gjøstein Tolleshaug (Døypt i Hamre)
- 06.09.09 Tord Krakhella Sangolt
- 27.09.09 Malin Hallan (Døypt i Slagen kirke)
- 11.10.09 Håkon Isak Tangerås (Døypt i Haus)
- 08.11.09 Gregers Audestad (Busett i Skjold menighet)

Vigde:

- 26.09.09 Ann-Karine Mobakken og
Arne Mæstad Hartveit

Gravlagde:

- 28.08.09 Magnus Hovden (f.1913)
- 11.09.09 Magnus Skjerping (f.1939)
- 15.09.09 Oliva Ellingsen (f.1918)
- 13.11.09 Aud Jacobsen (f.1921)

HAUS

Døypte:

- 30.08.09 Rosalinda Fosse Askeland (Døypt i Alversun)
- 20.09.09 Alf Kristian Midttun
- 04.10.09 Peter Helle (Døypt i Hosanger)
- 11.10.09 Endre Lundgren Hauge
- 08.11.09 Hanne Skår

Gravlagde:

- 29.10.09 Johanna Mathilde Blom (f.1922) Bisett

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

FjordSlottet



HOTELL & BAD
www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjhev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

BRUVIK-KYRKJA I KVELDSTEMNING



Foto: Torhild Faugstad.

Kirkens SOS

Det nyttar å snakke
når einkvan vil lytte

Vil du vere frivillig på Kirkens SOS?

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg. Oppgåva di er å lytte og tenke høgt saman med den som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem. Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vakturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon og internett. Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart er helga 26. - 28. februar 2010. Interessert?

Kontakt oss på 55 32 58 45/941 83 654, bjorgvin@kirkens-sos.no
eller www.kirkens-sos.no

Velkommen til eit lærerikt og gjevande fellesskap!

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

VI ER FOLKET

Den 9. oktober 1989 blei ein av grunnsteinane for samanslåinga mellom aust- og vest-Tyskland lagt i den vakre Nicolaikyrkja i sentrum av Leipzig. 2000 menneske var samla til fredsmesse der, og utanfor kyrkja venta 10 000 fleire. Før kvelden var over, hadde folkemengda auka til 70 000. Folket bar krossar og lys i ein fredeleg og roleg demonstrasjon, der slagordet var: "Wir sind das Volk". Vi er folket. Og bølga frå Leipzig rulla videre gjennom aust-Tyskland, til Berlin-muren slo sprekker.

20-års minnet viser tydeleg at ein kan nå store mål også ved å gå den fredelege vegen. Og med ønskje om ei god førjulstid og ei fredeleg jul, minner redaktøren om innleveringsfrist til neste nummer:

10. februar 2010.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com